



Mange har hatt fine juleopplevelser på bedehuset. Dette er eit julespel for eitpar år sidan

**uskedalen.no ynskjer å gjennomføra  
ein artikkelserie om lokale juletradisjonar.  
Kvar dag i jula og i romjulsveka vert det  
skrive ein notis som skildrar jula i Uskedalen før og no.**

Vi tenkjer særleg på hendingar og markeringar i manns minne og til i dag.

Til dette treng vi di hjelp.  
Det beste er om du skriv og sender på e-post til redaksjonen eller til  
[kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no)  
Vedlegg med bilete er best om du sender direkte til  
[uskedalen@knnett.no](mailto:uskedalen@knnett.no)

Kva tenkjer vi på ? Alle har sine juleminne og vi er takksame om du vil dela  
noko av dette med andre.

Det kan mellom anna vera om: Julematen, julepakkar, julestreet, julebukken,  
julepynt ute og inne, pynta julehus, julebåten ( sjå notis om yachten i Beinavikjo ),  
julehefte og julekort med vakre motiv, julesongar, julefestar, juleselskap, juleleikar,  
juledagane, romjula og nyttår, juleposten, julehelsingar frå sjøfolka, Amerkabrevet,  
kornbandet, dyra med noko ekstra godt i jula.

Lista tek ikkje slutt.

Men hugs: Det skal vera kort og enkelt skrive

Med dette seier vi: Finn fram gode juleminne og del med alle lesarane på nettsida vår.

Ver rask.  
Kven vil ha spalteplassen i morgen, onsdag 21. des. ?

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen